

KOMMISJONSVEDTAK**av 2. oktober 1998****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fællesskapsmiljømerket til madrassar(*)***[meldt under nummeret K(1998) 2919]***(98/634/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fællesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fællesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «madrassar» (heretter kalla «produktgruppa») vert definert på følgjande måte:

Produkt som har ei overflate meint til å sove eller kvile på, som er laga av eit tjukt stofftrekk fylt med ulike materiale, og som kan plasserast i ei sengeramme med botn.

Produktgruppa omfattar òg rammemadrassar med springfjører, som vert definerte som ein polstra sengebotn som er laga av fjører dekte med fyllmateriale, og som er plassert på ei stiv ramme som skal kunne setjast inn i ei sengeramme eller nyttast frittstående saman med ein overmadrass som ikkje er meint for bruk aleine.

Produktgruppa omfattar ikkje luftmadrassar og vassmadrassar.

Artikkel 2

Innverknaden på miljøet og dugleiken til den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljø- og dugleikskriteria som er oppførde i vedlegget.

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 302 av 12.11.1998, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 58/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i tre år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «014».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 2. oktober 1998.

For Kommissjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

For at eit produkt i den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal kunne tildelast miljømerket, må det stette kriteria i dette vedlegget på grunnlag av prøving som etter søknad vert utført etter dei metodane som det er gjort greie for i kriteria. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, bør dei ansvarlege organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller frå uavhengige kontrollar.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta.

Funksjonell eining

Den funksjonelle eininga som stoffmengda og produktmengda bør setjast i høve til, er:

1 m² madrass**A. MILJØKRITERIUM****A1. MATERIALE**

I del A1 er det definert særskilde kriterium for lateksskum, polyuretanskum, metalltråd og fjører, kokosfibrar og tre. Det er tillate å nytte andre materiale som det ikkje er fastsett særskilde kriterium for. Alle materiala som vert nytta, må stette dei kriteria som er nemnde i del A2 med omsyn til bruk av fargestoff, pigment og flammehemmande middel. Søkjaren skal gje detaljerte opplysningar om samansetnaden av materiale i madrassane.

Dei særskilde kriteria for lateksskum, polyuretanskum eller kokosfibrar som er nemnde i del A1, treng berre vere stetta dersom det aktuelle materialet utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

Lateksskum

1. Konsentrasjonen i lateksskum av dei stoffa som er nemnde nedanfor, må vere mindre enn dei oppførde grenseverdiane:

1a. Pentaklorfenol (salt og esterar av det): 0,1 ppm

Provsingsmetode: Oppmaling av ei prøve på 5 g, ekstraksjon av PCP eller natriumsalt.

Analyse ved hjelp av gasskromatografi (GC), påvising ved hjelp av massespektrometri eller elektroninnfangingsdetektor.

1b. Tungmetall som kan ekstraherast:

Arsen	0,5 ppm
Bly	0,5 ppm
Kadmium	0,1 ppm
Krom (samla)	1,0 ppm
Kobolt	0,5 ppm
Kopar	2,0 ppm
Nikkel	1,0 ppm
Kvikksølv	0,02 ppm

Provsingsmetode: Oppmaling av prøve som er ekstrahert i samsvar med DIN 38414-S4, L/S = 10.

Filtrering ved hjelp av 0,45 µm membranfilter.

Analyse ved hjelp av atomemisjonsspektroskopi med induktivt kopla plasma (ICP-AES) eller med hydrid- eller kalddampsteknikk.

- 1c. Formaldehyd som kan ekstraherast: 50 ppm

Prøvmingsmetode: «Japan Law 112» (1973) eller PRENISO 14184-1.

Ei prøve på 1 g vert oppvarma med 100 g vatn til 40 °C i éin time. Formaldehyd i ekstraktet vert analysert fotometrisk ved hjelp av acetylaceton.

- 1d. Butadien: 1 ppm

Prøvmingsmetode: Oppmaling og veging av prøva.

Prøvetaking ved hjelp av «headspace»-prøvetakar.

Analyse ved hjelp av gasskromatografi, påvising ved hjelp av flammeionisasjonsdetektor.

Polyuretanskum

2. Konsentrasjonen i polyuretanskum av dei stoffa som er nemnde nedanfor, må vere mindre enn dei oppførde grenseverdiane:

- 2a. Tungmetall som kan ekstraherast:

Arsen	0,5 ppm
Bly	0,5 ppm
Kadmium	0,1 ppm
Krom (samla)	1,0 ppm
Kobolt	0,5 ppm
Kopar	2,0 ppm
Nikkel	1,0 ppm
Kvikksølv	0,02 ppm

Prøvmingsmetode: Oppmaling av prøve som er ekstrahert i samsvar med DIN 38414-S4, L/S = 10.

Filtrering ved hjelp av 0,45 µm membranfilter.

Analyse ved hjelp av atomemisjonsspektroskopi med induktivt kopla plasma (ICP-AES) eller med hydrid- eller kalddampeteknikk.

- 2b. Konsentrasjonen av tinn (i organisk form) må ikkje overstige 900 ppm.

Prøvmingsmetode: Handsaming av prøva i samsvar med NEN 6465 eller ISO-DIS (utkast til internasjonal standard) 11466 eller tilsvarande (oppmaling av prøva, deretter handsaming med kokande HCl/HNO₃ (kongevatn) i to timar).

Analyse i samsvar med NEN 6465 eller ISO-DIS (utkast til internasjonal standard) 11466 eller tilsvarande, ved hjelp av kalddampatom-absorpsjonsspektroskopi (CVAAS) for Hg; atomemisjonsspektroskopi med induktivt kopla plasma (ICP-AES) for andre tungmetall.

3. CFC, HCFC, HFC eller diklormetan skal ikkje nyttast som ekspansjonsmiddel eller hjelpe-ekspansjonsmiddel. Det er likevel tillate å nytte diklormetan som hjelpe-ekspansjonsmiddel saman med bruk av flammehemmande middel i pulverform.

Metalltråd og fjører

4. Dersom organiske løysemiddel vert nytta til avfeittning og/eller reinsing av metalltråd og/eller fjører, må det nyttast eit lukka reinsings-/avfeittningssystem.
5. Overflata til fjørene må ikkje vere galvaniserte.

Kokosfibrar

6. Dersom kokosfibrermaterialet er gummiert, skal den lateksen som vert nytta, stette dei kriteria som gjeld for lateksskum.

Tremateriale

7. Alle sponplater som vert nytta, må vere av kvalitetsklasse 1 med omsyn til formaldehyd, slik det er definert i EN 312-1.

Alle fiberplater som vert nytta, må vere av kvalitetsklasse A med omsyn til formaldehyd, slik det er definert i EN 622-1.

A2. KJEMISKE STOFF OG PREPARAT**Lim**

8. Alt lim som vert nytta, må innehalde mindre enn 10 vektprosent flyktige organiske sambindingar (VOC). Dette kriteriet gjeld ikkje for lim som vert nytta til tilfeldige reparasjonar.

VOC er alle organiske sambindingar som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsevne under dei særskilde brukstilhøva.

9. Alt lim som vert nytta, må vere fritt for benzen og klorbenzen.

Fargestoff og pigment

10. Det må ikkje nyttast azofargestoff som kan spaltast til eitt av dei følgjande aromatiske amina:

4-aminobifenyl	(92-67-1)
benzidin	(92-87-5)
4-klor- <i>o</i> -toluidin	(95-69-2)
2-naftylamin	(91-59-8)
<i>o</i> -amino-azotoluen	(97-56-3)
2-amino-4-nitrotoluen	(99-55-8)
<i>p</i> -kloranilin	(106-47-8)
2,4-diaminoanisol	(615-05-4)
4,4'-diaminodifenylmetan	(101-77-9)
3,3'-diklorbenzidin	(91-94-1)
3,3'-dimetoksybenzidin	(119-90-4)
3,3'-dimetylbenzidin	(119-93-7)
3,3'-dimetyl-4,4'-diaminodifenylmetan	(838-88-0)
<i>p</i> -kresidin	(120-71-8)
2,2'-diklor-4,4'-metyldianilin	(101-14-4)
4,4'-oksydianilin	(101-80-4)
4,4'-tiodianilin	(139-65-1)
<i>o</i> -toluidin	(95-53-4)
2,4-diaminotoluen	(95-80-7)
2,4,5-trimetylanilin	(137-17-7)
4-aminoazobenzen	(60-09-3)
<i>o</i> -anisidin	(90-04-0)

11. Ingen av dei følgjande kreftframkallande fargestoffa skal nyttast (kategori 2, slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 97/69/EF⁽²⁾):

C.I. Solvent Yellow 1
C.I. Solvent Yellow 2
C.I. Solvent Yellow 3
C.I. Basic Red 9
C.I. Disperse Blue 1

12. Følgjande fargestoff kan vere sensibiliserande og skal nyttast berre dersom dei har ein fastleik overfor sveitte (syre og base) på minst 4:

C.I. Disperse Blue 3
C.I. Disperse Blue 35
C.I. Disperse Blue 106
C.I. Disperse Blue 124
C.I. Disperse Yellow 3
C.I. Disperse Orange 3
C.I. Disperse Orange 37/76
C.I. Disperse Red 1

Prøvmetsmetode: ISO 105-E04: Fargeektleik overfor sveitte (syre og base), minstenivå 4. Prøving krevst berre dersom dei fornemnde fargestoffa vert nytta.

13. Det må ikkje nyttast fargestoff eller pigment som er baserte på krom, kopar, nikkel eller bly. Beisfarging med krom er ikkje tillate.

14. Innhaldet av ureinande metallion i fargestoffa som vert nytta, må ikkje overstige følgjande verdiar:

Arsen	50 ppm
Kadmium	20 ppm
Krom	100 ppm
Kopar	250 ppm
Kvikksølv	4 ppm
Nikkel	200 ppm
Bly	100 ppm
Antimon	50 ppm
Tinn	250 ppm
Sink	1 500 ppm

15. Innhaldet av ureinande metallion i pigmenta som vert nytta, må ikkje overstige følgjande verdiar:

Arsen	250 ppm
Kadmium	50 ppm
Krom	100 ppm
Kvikksølv	25 ppm
Bly	100 ppm
Antimon	250 ppm
Sink	1 000 ppm

NB: Alle materiale som vert nytta i madrassar, må stette dei kriteria som gjeld for fargestoff og pigment (kriterium 10, 11, 12, 13, 14 og 15). Attvunne materiale som vert nytta i madrassar, kan likevel innehalde fargestoff og pigment som ikkje er tekne med her, men berre dersom dei vart tilsette i ein tidlegare fase av levetida til materialet.

(¹) TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

(²) TEF L 343 av 13.12.1997, s. 19.

Flammehemmande middel

16. Det er ikkje tillate å nytte flammehemmande middel eller preparat som inneheld stoff som er klassifiserte som eller kan verte klassifiserte som farlege for miljøet i medhald av rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 97/69/EF⁽²⁾.

NB: Alle materiale som vert nytta i madrassar, må stette dette kriteriet. Attvunne materiale som vert nytta i madrassar, kan likevel innehalde flammehemmande middel som ikkje er tekne med her, men berre dersom dei vart tilsette i ein tidlegare fase av levetida til materialet.

B. DUGLEIKSKRITERIUM**Motstandsstyrke**

17. Høgdetapet må vere mindre enn 20 mm.

Fastleikstapet (H_s) må vere mindre enn 20 %.

Provingsmetode: prEN 1957 (endeleg utkast, januar 1997). Tapet av høgd og fastleik svarar til skilnaden mellom dei innleiande målingane (etter 100 syklusar), og målingane etter motstandsstyrkeprøva (etter 30 000 syklusar).

⁽¹⁾ TEF 196 av 16.8.1967, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 343 av 13.12.1997, s. 19.